

# Dei tre små grisene

Det var ein gong tre små griser som skulle byggje seg hus. Den første grisen bygde eit hus av strå. Då han var ferdig, kom den store ulven og sa:

«Vesle gris, slepp meg inn, ellers vil eg blåse huset ditt ned.» Grisen slapp han ikkje inn, og då bles ulven huset ned, og åt opp den vesle grisen.

Den andre grisen bygde seg eit hus av lauv. Då han var ferdig, kom den store ulven og sa: «Vesle gris, slepp meg inn, ellers blæs eg huset ditt ned.»

Grisen slapp han ikkje inn, og då bles ulven huset ned, og åt opp den vesle grisen.

Den tredje grisen bygde seg eit hus av murstein. Då han var ferdig, kom den store ulven og sa: «Vesle gris, slepp meg inn, ellers vil eg blåse huset ditt ned.» Grisen slapp han ikkje inn, men sjølv om ulven bles alt han klarte, klarte ikkje ulven å blåse ned huset.

